

Tordivelen og flugua.

Velle Espeland

Dei av oss som er gamle nok, hugser godt at Alf Prøysen song Tordivelen og flugua i barnetimen for dei minste. Og denne visa er vorte så sterkt knytt til Prøysen at mange, kanskje dei fleste, trur at det er Prøysen som har laga ho. I ei rekkje visebøker og på plater står faktisk også Prøysen som opphavsmann. Men det er han nok ikkje. Dette er ei gammal vise. Ho tilhøyrer den gruppa som vi kallar mellomalderballadar. Blant skjemteballadane er det ein del dyreviser: Kråkevisa, Ravnebryllup i Kråkelund, Reven og bonden og Limgris høyrer til her saman med Tordivelen og flugua. Visa finst også i Danmark, Sverige og på Færøyane. Her i landet finst ho i mange ulike variantar. I folkemusikksamheng høyrer vi oftast telemarkversjonen, der tordivelen heiter Tor Brynjulf, eller Tor Kleggen.

Prøysen song gjerne gamle viser, og mange av dei, som Lille vakre Anna og Liljan uti dalen, gjorde han svært populære. Ofte tilførte han visene litt av seg sjølv, slik gode tradisjonsberarar alltid har gjort, men akkurat Tordivelen og flugua har han ikkje gjort mykje med. Dei andre oppskriftene vi har av denne visa frå indre austlandsområdet samsvarar godt med Prøysens versjon. I boka Skillingsviser, Gamle viser 4. fortel han at han først lærte delar av visa frå bestemor og mor si, men slutten fekk han først frå svigermor si. Når denne misforståelsen om at Prøysen skal ha laga visa har kome opp (Eg har til og med høyrte at TONO skal ha visa registrert på Prøysen), så må det vere på grunn av ei forveksling. Prøysen laga nemleg ei artig omdikting av visa: Tordivelen sette seg på scooteren sin. Denne omdiktinga vart til og med oversett til svensk av Ulf Peder Olrog, og Prøysen song også denne svenske omsetjinga inn på plate. Og den teksten er Prøysens verk.